



EUB LTD v/Dag Eivind Hagesæter
Nedre Eikanger 21
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/640 - 15/6369

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
30.03.2015

MANGEL- Oppføring av ein bustad på gbnr 4/62 i Beitingen

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om oppføring av ein bustad på gbnr 4/63 i Beitingen og ser at den er mangelfull. Før administrasjonen kan handsame søknaden må følgjande manglar rettast opp:

- Tiltakshavar har ikkje underskrive søknaden.
- Gjennomføringsplanen og ansvarsrettar samsvarar ikkje:

Det er oppgitt i gjennomføringsplanen at Hagwick Bygg AS skal vera prosjekterande for bygningsarbeid og O.K. Charter skal vera prosjekterande for grunnarbeid.

I søknad om ansvarsrett frå desse føretakene er ikkje ansvarsområdet for prosjekterande omsøkt.

Det er heller ikkje oppført eit føretak som skal ha overordna ansvar for PRO. Om gjennomføringsplanen stemmer slik den er oppført, treng ein ikkje overordna ansvar for PRO. Men det må då sendast inn nye søknader om ansvarsrettar frå Hagewick Bygg AS og O.K Charter, der dei søker ansvarsrett for prosjekterande. Er dei ikkje sentral godkjent for PRO, må det søkjast om lokal godkjenning.

Om det er gjennomføringsplanen som er feil, må ny oppdatert sendast kommunen saman med søknad om ansvarsrett for PRO.

- Ansvarleg søkjar (SØK) er ikkje ført inn i gjennomføringsplanen.
- Ansvarsretten for O.K. Charter er ikkje underskriven av ansvarleg søkjar.
- Det følgjer av § 12-10 bokstav b i teknisk forskrift: *«Boenhet skal ha oppbevaringsplass eller bod på minimum 5 m² BRA for sykler, sportsutstyr, barnevogner m.m...»*

Administrasjonen kan ikkje sjå at dette er løyst. Arealet på 5 m² kan avsettast i eller utanfor bustadbygning, f.eks som tilbygg eller frittstående bod. I saker der garasje er tenkt ferdigstilt saman med bustaden, kan boden vera ein del av garasjen. Teikningar som viser at TEK 10 § 12-10 er løyst må sendast kommunen.

Dykkar søknad vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull og vert difor lagt i ventarkiv i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verte teke fram til ordinær

handsaming. Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Gebyr for kommunen si handsaming av føreliggjande søknad vert ettersendt, jf. Pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningstjeneste (Gebyrregulativ 2015) pkt. 10.2.10 («Mangelfull sak m/ meldig til søker»). Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir krevd gebyr- eller over storleiken på gebyret- jf. Forvaltningsloven §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Eventuell klage skal vera grunngitt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

EUB LTD v/Dag Eivind Hagesæter Nedre Eikanger 21 5913

EIKANGERVÅG